Voss herad

# Barnehage- og skule for framtida Høyringsinnspel og endringar

Utval for levekår 28. februar 2026

Formannskapet 29. februar 2026

VOSS
bygd for sterke opplevingar




**Det er kome 191 innspel i høyringsperioden. Denne presentasjonen viser kun nokre overordna trekk frå høyringa og vurderingar i etterkant.**

Voss herad

# Kva har me gjort etter høyringa

Endra tilrådingar

Gjort presiseringar av tiltak og tilrådingar

Vurderingar knytt til å byggja nytt *vs* å oppgradera

Vurderingar kring barnets beste per tilråding

Oppdatert kunnskapsgrunnlaget på bakgrunn av innspel

- Nye vurderingar i høve trafikktilhøve i sentrum (Norconsult) og på Evanger
- Moglegheitsstudie ny barneskule
- Luftkvalitet i sentrum
- Barne- og elevtal i nord og vest

# Ulike blikk – ulike svar

*«Det bør vere litt annleis å gå i barnehage og skule på Voss – framfor i ein kva som helst by…»* *(Dok. 27 - privatperson)*

## Versus

*«[…Det er ei stor utfordring at det i dag vert forventa at mange små skular skal ha kompetanse på eit breitt spekter av behov elevar i grunnskulen kan ha. Skular på mellom 50 og 150 elevar vil ha meir en nok med å ha god kompetanse på dei faga som krevst og annan kompetanse som er forventa for å kunne følgje opp elevar og klassar.»* *(Dok. 98 - skolelederforbundet)*

Voss herad

# Ulike blikk – ulike svar

*«Det bør vere litt … – framfor i ein kva*

*«[…Det er ei stor u… små skular skal ha kompetanse på eit … kan ha. Skular på mellom 50 og 150 e… petanse på dei faga som krevst og annan kompetanse som er forventa for å kunne følgje opp elevar og klassar.»* *(Dok. 98 - skolelederforbundet)*

Kjensler, ynskje og behov for nærskulen- og barnehagen

*Versus*

Lovkrav og føringar alle barnehagar og skular skal oppfylle, uavhengig plassering og tal barn.

Voss herad

# Behov for raske grep og langsiktig planlegging

## På kort sikt

- Behov for strakstiltak for å redusera utgifter
- Rammeendringa i oppvekst 26 - 29 tilsvarar om lag 32 årsverk barnehage- og grunnskulelærarar
- Vil koma ytterlegare innsparingskrav i tråd med Voss iPluss 27/PWC
- Må gjera grep no for å sikra bemanning i barnehagane framover

## På lang sikt

- *Pengar:* Økonomisk berekraftig struktur som kan stå seg over tid
- *Folk:* Barnehagar og skular der tilsette ynskjer å jobbe og har det bra på jobb
- *Fag:* Bygg som legg til rette for framtidas barnehagar og skular. Strukturar som gjer det enkelt å vera ein god vaksen. Sikra nok og riktig kompetanse

Voss herad

# Kort oppsummering av innspel og vurderingar

VOSS bygd for alle

Voss herad

# Høyringsframlegg:

## Samanslåing av Gjernes og Haugahaugen barnehage

Innspel til tilrådinga

- Stor motstand mot samanslåing av Gjernes og Hagahaugen
- Hagahaugen har institusjonspreg, mellombels barnehage og utfordrande å utvida uteområde
- Gjernes er ein god barnehage, ynskjer auka kapasiteten i Gjernes

**Endring: Samanslåing av Gjernes og Kløve barnehage**

VOSS

Voss herad

# Rådmannen si vurdering

- Tilhøva ligg betre til rette på Kløve enn på Hagahaugen
- Kløve har stort og godt område både inne og ute, eigen gymsal, nærleik til natur osv.
- Positivt for å oppnå betre pedagogtettleik
- Det er mogleg å flytta Hagahaugen barnehage til Kløve, men då har me ikkje nok barnehageplassar dersom Sundve FUS legg ned drifta

VOSS

# Høyringsframlegg:

## Samanslåing av Hauge- og Sundve FUS barnehage

Innspel til tilrådinga

- Stor motstand mot samanslåing av Hauge og Sundve FUS
- Ikkje plass til alle barna på Vossestrand, behov for to barnehagar
- Mykje støtte for ny barnehage på Oppheim, men også motstand og uro for nedlegging av Sundve FUS
- Uro for grendene si overleving
- Uro for vanskelegare kvardagslogistikk

**Ingen endring:  presisering av behovet for ein avtale mellom Voss herad og FUS-kjeda i førekant av flytting.**

# Rådmannen si vurdering knytt til Oppheim

- Krev investeringar å byggja strandahallen – andre bygg i heradet som har større behov for oppgraderingar
- Sundve FUS vart bygd i 2013 og det vil vera i tråd med kommunalt planverk og statlege føringar å ikkje byggja nytt, når me kan ta i bruk lokale som vil vara mange år framover
- Usikkert kor mange som vil nytta barnehagen og kor mange som vil søkja seg mot sentrum
- Større risiko for at FUS-kjeda legg ned barnehagen på Sundve
- Endeleg plassering av grendasenter i nord, er ikkje landa

# Høyringsframlegg:

## Opprette oppveksttun i Evanger skule

Innspel til tilrådinga

- Delte innspel i høve oppveksttun, nokon positive andre negative
- Behov for to barnehagar i vest *vs* fordeling av godar (barnehage på Bolstad og skule på Evanger)
- Uro for grendene si overleving
- Uro for vanskelegare kvardagslogistikk

**Endring: Barnehagane vert samanslått frå hausten 2026, ved behov i Evanger barnehage i påvente av klargjering av skulebygget.**

# Rådmannen si vurdering

- Me får styrka både barnehagane og skulen samstundes, og får eit meir robust tilbod i vest
- Større fagfellesskap under same tak
- Auka innsparingar, ettersom alle tenestene er i eit bygg
- Dersom ein har barnehage berre på Bolstad, er det risiko for at foreldre frå Evanger søkjer barnehageplassar i og rundt sentrum, samt at innsparinga vert betydeleg mindre

# Rådmannen si vurdering kring å flytta Evanger skule til Bulken

- Ikkje i tråd med eit ynskje om å satsa på vest som grendasenter
- Lang for føresette og barn å reisa frå td. Øvstedalen, Brekkhus mm til skule på Bulken
- Henta i barnehage på Evanger/Bolstad for så å henta på SFO på Bulken – eller vice versa
- I medverknadsrundene med finansrådet vart det peika på at Bulken ikkje vart sett på som ein del av vest, men heller meir sentrumsnært
- Bulken barnehage må flyttast for å få plass til alle elevane
- Årleg innsparing vert truleg i lik størrelsesorden som ved oppretting av oppveksttun på Evanger

# Høyringsframlegg:

## Bjørgum til ungdomstrinnet i Granvin

Innspel til tilrådinga

- Granvin er positive til tiltaket, Bjørgum ynskjer ikkje tiltaket
- Det skjer for kjapt, dei eldste elevane må skjermast
- Uroa for at det er fyrste steg i høve nedlegging av Bjørgum skule
- Uroa for kvardagslogistikk og fritida til ungdommane som i hovudsak skjer på Vangen.

**Endring: Me utsett oppstart av tiltaket til 2029, i staden for 2026.**

# Rådmannen sine vurderingar

- Positivt for å styrka heile skulen i Granvin
- Auka tal tilsette gjev større fagfellesskap
- Auka tal elevar, gjev større sosialt fellesskap for elevar i Granvin. Elevane frå Bjørgum vil få eit mindre enn om dei hadde byrja ved Voss ungdomsskule
- Gjer elevgrunnlaget ved Voss ungdomsskule noko mindre
- Reduserer behovet for utbygging av Voss ungdomsskule i framtida

Voss herad

# Høyringsframlegg:

## Ny sentrumsskule ved Voss idrettshall

Innspel til tilrådinga

- Ynskje om å behalda nærskulane
- Kvifor bygga nytt når det er billigare å oppgradera eksisterande bygg
- Trafikale utfordringar
- Påverkar aktivitet i området

**Endring: Inga endring. Er lagt inn eit alternativ b) om vidare utgreiing, rådmannen tilrår ikkje dette.**

# Rådmannen sine vurderingar

- Få alternative areal, som er store nok
- Å byggja ny ungdomsskule vert betydeleg dyrare enn å byggja barneskule
- Kostnadseffektivt å nytta eksisterande infrastruktur/sambruk (idrettshallen)
- Reduserte driftskostnader i nybygg
- Kort avstand til tilbod i sentrum og grøntareal
- Effektiv utnytting av personalressursar i barne- og familietenestene
- Bygg som er tilrettelagt for opplæring anno 2026
- Forsterka avdeling for barn med livslange omsorgsbehov

Voss herad

# Rådmannen sine vurderingar i høve andre alternativ

- Tvildemoen
  - Voss herad har ikkje nok areal for å bygga ny skule
  - Lenger reiseveg og lenger vekk i frå sentrale tilbod og støttetenester
- Rogne vgs
  - Svært lite uteareal
- Gullfjordungen
  - Vil krevja prosess knytt til privat eigedom/dyrka mark
  - Trafikale utfordringar

VOSS

Voss herad

# Rådmannen sine vurderingar i høve andre alternativ forts.

- Utbygging Vangen skule:
  - Gravplassen er freda i 40 år etter siste gravlegging
  - Låg bereevne på taket til parkeringshuset
  - Vil krevja prosess knytt til privat eigedom

- Ungdomsskule på Gjernes
  - Dyrare å bygga ungdomsskule enn barneskule
  - Lang avstand til fasilitetar i sentrum (støttetenester, symjebasseng, kulturhus mm.)
  - *OBS! Dette tiltaket har ikkje vorte utgreidd i prosessen til liks med dei andre alternativa*




Frå forprosjekt 2020, vangen skule

VOSS

Voss herad

# Høyringsframlegg:

## Aktivitetshus med barnehage i dagens Vangen skule

- Stor motstand mot å ta i bruk Vangen skule
- Uroa for luftkvalitet og «asfaltbarnehage»
- Uroa for trafikale tilhøve i sentrum
- Uroa for nærbarnehagene rundt sentrum

Innspel til tilrådinga

**Endring: Vidare utgreiing av fleire alternativ i eller nær sentrum.**

VOSS

# Rådmannen sine vurderingar

- Avhengig av kva som skjer med skulestrukturen
- Andre moglege alternativ som kan utgreiiast, dersom ein ynskjer å byggja fleire nye barnehagar/påbygg av eksisterande barnehagar
- Vurdera å avventa til moglegstudie kring "Offentlege hus på Voss" (vert lyst ut no – midlar frå VLFK)
  - Moglegstudien skal sjå på eksisterande hus og tomter for å peike på nye evt. eksisterande hus der ein vil utvikle tenestene vidare
  - Det vert brei medverknad i denne prosessen

# Andre alternativ som kan vurderast

- Byggja på Voss barnehage
- Utvida Gjernes barnehage
- Byggja barnehage på avsett tomt på Nyre

(4,13 daa, ferdig regulert for føremålet)

- Andre alternativ



Tomt Nyre

Voss herad

# Høyringsframlegg:

## Frampeik

UTSETT

### Vest og nord:

- Avventar vidare utgreiingar grunna uviss plassering av grendasenter
- Vidare arbeid må gjerast i tråd med kva som vert vedtatt i kommuneplanen

### Ytre sentrum

- Behov for vidare utgreiing må vurderast fortløpande
- Me peikar ikkje på alternativ til løysingar

Voss herad

VOSS

bygd for alle